



Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre

Møteinnkalling

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Teams
Dato: 12.05.2026
Tidspunkt: 13:00

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 11/26	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 12/26	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 13/26	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Høyring - Utredningsoppdrag om organisering av verneområdeforvaltarar		2024/18204
ST 14/26	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Bødalen - 2026 - jordprøvetaking - NIBIO		2026/6075
ST 15/26	Jostedalsbreen nasjonalpark - Arealrepresentativ Naturovervåking (ANO) - Forlenging av periode for merking av analyseruter - NINA		2021/6243
ST 16/26	Jostedalsbreen nasjonalpark - Bøyabreen - Motorferdsel med helikopter - Falkeblikk AS		2026/7825
ST 17/26	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - orienteringssaker til styremøte 3/2026		2025/16018
ST 18/26	Eventuelt		

ST 11/26 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 12/26 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar



Arkivsaksnr: 2024/18204-5
Sakshandsamar: Trygve Snøtun
Dato: 06.05.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyret	13/26	12.05.2026

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret - Høyring - Utredningsoppdrag om organisering av verneområdeforvaltarar

Innstilling frå forvaltar

Forslag til høyringsuttale frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyret:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret er i utgangspunktet tilfreds med vidareføring av hovudtrekka i dagens organisering, der sekretariatet vårt vil halde fram med Statsforvaltaren i Vestland som arbeidsgjevar. Styret meiner at både alternativ 1 og alternativ 2 med tilrådde forbetringpunkt vil fungere godt. Fordelen med å ha fagleg tilknytning til Statsforvaltaren er at ein med denne ordninga også vil få fagkunnskap om verneområdekommunane gjennom Statsforvaltaren, og ikkje berre gjennom vårt eige nettverk med administrativt kontaktutval. Alternativ 2 kan nok svekke tilknytninga til kommunane for dei sekretariata som blir flytta over til eit anna statsforvaltarembete enn det som geografisk er knytt til verneområda, og uttalane frå dei verneområdestyra der dette blir aktuelt bør derfor tilleggast vekt.

Tiltaka som er foreslått som forbetringpunkt blir vurdert å bidra til måla om meir heilskapleg forvaltning.

Merknader til dei enkelte punkta:

- Finansiering / ressursar: Det er viktig at den desentraliserte modellen som er vald blir fullfinansiert og synleggjort ved øyremerking av midlar per forvaltarstilling i Statsbudsjettet (Prop. 1S). Styrking av statsforvaltarembeta for oppfølging av forvaltarane vil bidra til å sikre kontinuitet og god opplæring ved skifte i forvaltarstillingane. I enkelte saker treng forvaltarane juridisk bistand i saksbehandlinga, det er viktig at slik bistand blir styrka, enten via fagmiljøet hjå Statsforvaltar eller i Miljødirektoratet.

- Det er positivt å tydeleggjera rolla som fagleg rådgjevar i *Hovedinstruks for statsforvalteren*, men direkte rådgjeving til forvaltarane sine innstillingar til styret kan lett koma i konflikt med



Statsforvaltaren si rolle som mogleg klageinstans på styret sine vedtak. For å ha klare linjer bør ikkje Statsforvaltar delta i forvaltarane sitt arbeid med innstillingar til vedtak, men kan gje faglege råd dersom forvaltar sjølv tek initiativ og ber om det. Det er viktig å unngå at leiaren med fag- og personalansvar hos Statsforvaltaren får ei slags godkjennarrolle på forvaltar sine innstillingar. Sjølvstendige vurderingar i forvaltarane sitt arbeid med innstillingar til styret er viktig for å tydeleggjera rolla til styret som eige organ.

- Klarare skilje mellom Statsforvaltaren som arbeidsgjevar og styret i dokumentforvaltninga vil gje tydelegare kommunikasjon mot publikum og mot andre aktørar i forvaltninga. Det er viktig å få synleggjort at det er nasjonalparkstyret som er avsendar når forvaltar sender ut forvaltingsvedtak og andre saker på vegne av styret. Spørsmålet om arkivopplegg må få ei funksjonell løysing som blir kvalitetssikra av dei administrative aktørane.
- Innføring av "Forvalterskolen" vil sikre betre og meir systematisk- opplæring, og faste møtepunkt ved forvaltarsamlingar vil bidra til fagleg utvikling og meir einskapleg forvaltning gjennom erfaringsutvekslingar.
- Forslaget om å gje arbeidsgjevar auka fleksibilitet i bruk av forvaltarressursar mellom styra vil vera positivt med tanke på best mogleg bruk av ressursane samla sett. Det bør framleis vera ei føring om at det skal vera dialog med både forvaltar og styreleiar i forkant av slik omdisponering av ressursar, sjølv om ein går bort frå kravet om godkjenning frå styreleiar. Dialog vil gje betre forankring og auka forståing når ressursane i sekretariatet blir omfordelt for kortare eller lengre periodar.
- Gjennomgang av forvaltningsknutepunkta for betre fungerande knutepunkt vil vera nyttig. Så langt det er mogleg må forvaltarane lokaliserast saman med andre forvaltarar. Kontorfelleskap gjev betre rom for læring og avlasting, og gjev betre service til publikum når det er fleire med tilgang til same arkiv m.m. Samlokalisering med SNO og andre med oppgåver innan utmarksforvaltning bidrar også til styrking av fagmiljøa.
- Det kan vera nyttig å arbeide for meir formalisert samarbeid med besøkssentera, men dette må sjåast i samheng med utgreiinga av ny besøkssenterstrategi.
- Med auka vekt på verdiskaping og å ønskje folk velkommen inn i nasjonalparkane er det nødvendig å ha eit godt system for å ivareta verneverdiane også med aukande besøkstrykk. Tilstrekkelege ressursar til informasjonsarbeid i sekretariata, og for oppsyn og rettleiing i felt er viktig i ei aktiv besøksforvaltning. Når ein inviterer fleire inn, må også mottaksapparatet styrkast.

Dokument i saka

- Høyringsdokument på Miljødirektoratet si nettside 14.04.26, med høyringsfrist 22.05.26. Utredningsoppdrag om organisering av verneområdeforvaltere - miljødirektoratet.no
- Brev om oppdraget frå Klima- og miljødepartementet, datert 18.mars 2025.



Saksopplysningar

Dagens forvaltningsmodell for nasjonalparkar og andre store verneområde vart etablert i 2010. Det er i dag 49 nasjonalpark-/verneområdestyre som har delegert forvaltningsansvar. Det er per 1.1.2026 totalt 69 verneområdeforvaltarar fordelt på dei 49 styra. Desse styra forvaltar i dag kring 80 % av dei verna areala i Norge. Hardangervidda er i dag einaste nasjonalpark som ikkje blir forvalta av eit nasjonalparkstyret.

Det vart lagt opp til etablering av lokale/regionale forvaltningsknutepunkt der forvaltarane skulle samlokaliseras med andre fagpersonar knytt til verneområdet. I 2014 gjorde Riksrevisjonen ei undersøking av forvaltninga av nasjonalparkane. Undersøkinga viste til at *"modellen har bidratt til at både erfaringsbasert, lokal kunnskap, og vitenskaplig og forskningsbasert kunnskap nå legges til grunn i forvaltningen"*. Samtidig vart det peika på nokre behov for avklaringar, som rolleavklaringar mellom styra og fylkesmannen som arbeidsgjevar for verneområdeforvaltarane, samt klarare instruksjonsmyndigheit for styra overfor verneområdeforvaltarane. Vurderingane frå Riksrevisjonen er fylgd opp gjennom fleire oppdrag frå Klima- og miljødepartementet (KLD) til Miljødirektoratet.

Miljødirektoratet fekk i mars 2025 oppdrag frå Klima- og miljødepartementet om å gjennomgå organiseringa av verneområdeforvaltarane og øvrig organisering, og vurdere eventuelle endringar for å styrke forvaltninga av verneområda. Oppdraget er avgrensa til å gjelde organiseringa, og gjeld ikkje sjølve forvaltningsmodellen:

«KLD presiserer i oppdragsteksten at det er en forutsetning at utredningen ivaretar verneområdestyrets faglige instruksjonsmyndighet overfor forvalterne, slik at det er vernestyret som avgjør overordnede spørsmål knyttet til forvaltning av det enkelte område, eksempelvis prioritering mellom større overordnede oppgaver m.v. De skriver også at det er en forutsetning for utredningen at nasjonalpark- og verneområde forvalterne fortsatt skal sitte desentralisert nær verneområder. Det er et mål å ha sterke lokale knutepunkter med solide fagmiljøer, og direktoratet kan også foreslå relokalisering av forvalterstillinger for å bygge opp under dette, jf. Meld. St. 35 (2023-2024) kapittel 6.3.3»

I oppdraget Miljødirektoratet har fått av KLD er ein del endringspunkt som skal vurderast:

- fører til en mer helhetlig forvaltning mellom verneområder
- styrker det faglige nettverket mellom verneområdeforvaltere
- øker erfaringsdelingen mellom forvalterne
- bedrer forholdene for veiledning av forvalterne og styrker deres kompetanse
- gir bedre fungerende knutepunkter
- gir mer fleksibilitet i fordeling av oppgaver i.f.m sykdom, vakanser mv eller p.g.a ulike ressursbehov mellom områder
- gir mer lik organisering av forvalterne og styrker den daglige ledelsen av dem bl.a. når det gjelder organisering av arbeid, fordeling av oppgaver mv
- fører til bedre rolleavklaring herunder gjør rollene tydeligere for publikum
- styrker samarbeidet med Statens naturoppsyn



- styrker samarbeidet med besøkssentrene

I tillegg har Miljødirektoratet lagt til eit par punkt til:

- styrker tilliten til forvaltningsordningen hos publikum
- økte forvaltningsgevinster på tvers av alle verneområder som forvaltes av styrer og statsforvaltere

Miljødirektoratet har utgreidd 4 alternative løysingar, som er sendt på høyring til aktørane i forvaltningsmodellen:

1. Behalde dagens ordning, men sjå på betringpunkt i denne.
2. Samle arbeidsgjevaransvaret hos eit fåtall Statsforvaltarar.
3. Samle arbeidsgjevaransvaret hos Miljødirektoratet.
4. Opprette ein eigen organisasjon med eigen leiing, der fellesteneste handterast av direktoratet.

I tabellen under er det oppsummert korleis Miljødirektoratet har vurdert verknader for dei ulike alternativa:



Tabell 4 - Oppsummering av vurderte virkninger for alternativ 1-4⁸

Endringspunkt til vurdering	0- alternativet/ dagens org.	Alt.1 Dagens org. med endringer	Alt. 2 - Fåfall embeter	Alt 3 - Miljødirektoratet	Alt. 4 - Egen org.
Gir mer lik organisering av forvalterne og styrker daglig ledelse	0	+	++	+++	+++
Styrker det faglig nettverket og bedre erfaringsdeling mellom forvaltere	0	+	++	+++	+++
Gir mer fleksibilitet i fordeling av oppgaver	0	+	++	+++	+++
Gir bedre forhold for opplæring og veiledning for forvalterne og styrker kompetanse	0	+	++	+++	++
Tydligere rolleavklaring mellom aktørene i organisasjonsmodellen	0	++	++	0	+++
Tillit til verneområdeforvaltningen hos publikum	0	+	+	--	++
Økte forvaltningsgevinster på tvers av alle verneområder som forvaltes av styrer og statsforvaltere	0	+++	++	--	--
Ressursbehov sammenliknet med dagens ordning (kapasitet og budsjettmidler)	0	-	-	--	---

Miljødirektoratet har tilrådd organisering av alternativ 2, etter slike føringar:

- 3-5 embeter.
- Samling av forvaltere slik at et embete har minimum ti forvaltere ansatt.
- Fellestjenester ligger hos statsforvalterne som tidligere.

Det er ein føresetnad for alternativ 2 at det bli tilført midlar til ein seksjonsleiarstilling med personalansvar for forvaltarane som også skal ha ansvar for fagleg oppfølging og tilrettelegging for forvaltarane.



Det er også forslag for alternativ 1 som også må innførast for alternativ 2:

- Økt tildeling per forvalterstilling.
- Synliggjøre øremerking av midler per forvalterstilling i Prop. 1S.
- Klargjøring av roller knyttet til faglig oppfølging av forvalterne.
- Klarere skille mellom arbeidsgiver og styret i dokumentforvaltning.
- Gi arbeidsgiver økt fleksibilitet i bruk av forvalterressurser mellom styrer.
- Innføring av "Forvalterskolen".
- Forvaltersamlinger.
- Gjennomgang av forvaltningsknutepunkter.
- Formalisere samarbeidet med besøkssenter.
- Legge til rette for SNOs tilgang til forvaltningsknutepunktene.

Under er det eit forslag om fordeling av forvaltarar (ikkje endeleg), der Vestland i tillegg til dagens forvaltarar er tenkt også å omfatte forvaltar frå Geiranger-Herdalen (1), Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområde (3). Det betyr at det etter dette forslaget ikkje vil vere endring i administrativ tilknytning for tilsette i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.



Tabell 3 - Forslag til mulig fordeling av forvaltere på et fåtall statsforvaltere.

Statsforvalter-embete	Antall forvaltere per embete i dag	Forslag til fremtidig antall forvaltere per embete	Endringer i sammensetning
Troms og Finnmark	13	13	Uendret
Nordland	9	14	Dagens forvaltere + forvaltere fra Børgefjell (1), Blåfjella/Skjækerfjella og Lierne (2) og Skarvan/Roltdalen/Sylan (1) og Skardsfjella/Hyllingsdalen (1)
Trøndelag	10	0	Forvaltere fordeles på Innlandet og Nordland
Innlandet	14	19	Dagens forvaltere + forvaltere fra Trollheimen (2), Femundsmarka og Gutulia (1), Forollhogna (2).
Vestland ⁴	9	13	Dagens forvaltere + forvaltere fra Geiranger-Herdalen (1), Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområde (3)
Møre og Romsdal	1	0	Dagens forvalter plasseres hos Vestland
Rogaland	1	0	Dagens forvalter plasseres hos Vestland
Vestfold og Telemark	3	0	Dagens forvaltere plasseres hos Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus
Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus ⁴	5	10	Dagens forvaltere + forvaltere fra Raet (1) og Oksøy-Ryvingen-Flekkefjord (1), Færder (1), Jomfruland (1) og Brattefjell-Vindeggen (1)
Agder	4	0	Dagens forvaltere fordeles på Vestland og Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus
Totalt antall forvaltere:	69	69	

Verneområdestyra kunne komme med munnlege og skriftlege innspel til Klima- og miljødepartementet i samband med utarbeiding av oppdraget vinteren 2025. Styreleiar gav munnleg innspel i oppstartmøte med KLD 21.01.2025. Styreleiar støtta ei vidareføring av ordninga med administrativ tilknytning til Statsforvaltarembeta, men med forbetringar.



Tilrådinga frå Miljødirektoratet om å samle forvaltarane i færre embete (alternativ 2) er grunngeve slik:

«Alternativ 2 og en samling av arbeidsgiveransvaret hos færre embeter, styrker muligheten til å utvikle mer enhetlige kompetansetiltak i form av å kunne etablere felles rutiner og opplæring i færre embeter som igjen vil gi færre ulikheter. Det samme gjelder muligheten for større grad av systematisk oppfølging og utvikling og etablering av fagfellesskap/nettverk. Gode nettverk mellom forvalterne i embetet er det som trekkes frem som særlig positivt blant forvalterne som gir gode skussmål til dagens organisering og vi mener det derfor er viktig å legge til rette for slike nettverk. Det mener vi forenkles ved å ha et større antall forvaltere samlet under et embete og en dedikert ledelse som kan legge til rette for dette.»

Fordelar og ulemper med alternativ 3 og 4 blir ikkje nærare diskutert i denne saka, da det synest vera lite aktuelt å velja eitt av desse. Utgreinga med skildring av alternativ finn du her: [Utredningsoppdrag om organisering av vernerområdeforvaltere - miljodirektoratet.no](https://www.miljodirektoratet.no/Utredningsoppdrag-om-organisering-av-verneromradeforvaltere)

Vurdering

Nasjonalpark-/verneområdestyret er eigen juridisk person. Styret kan i utgangspunktet *«inngå avtaler og påta seg forpliktelser innanfor de økonomiske rammene styret disponerer. Slik ordningen er organisert i dag er det imidlertid statsforvalter som har budsjettmidlene. Det varierer hvorvidt styrene inngår avtaler selv eller om statsforvalter inngår avtaler på vegne av styret. Styret søker om midler og vedtar hva tildelte midler skal brukes til, mens statsforvalter er økonomisk ansvarlig for budsjettet og står som formelt ansvarlig for inngåtte avtaler.»*

Styret har vedtaksmyndighet og disponerer forvalters arbeidstid, men har ikke personalansvar for forvalter. Stillingen ligger formelt hos statsforvalteren.»

Denne fordelinga mellom styret og Statsforvaltaren er ei pragmatisk tilnærming, som stort sett har fungert godt. Det er likevel rom for forbetringar. Miljødirektoratet tilrår ei vidareføring av dagens ordning, med ein del tilpassingar og forbetringspunkt. Sakshandsamar ser ikkje grunn for å kommentere alternativa 3 og 4 med endra administrativ tilknytning for forvaltarane, då desse synest lite aktuelle.

Alternativ 1 (uendra adm. tilknytning) og alt. 2 med arbeidsgjevaransvar hos færre statsforvaltarar har i stor grad like utfordringar, og tilrådingane på forbetringspunkt for desse to alternativa blir kommentert punkt for punkt.

1. Auke av kapasitet og ressursar hos statsforvaltarane

Auka tildeling per forvaltarstilling og synleggjering ved øyemerking av midlar per forvaltarstilling i Prop. 1S (Statsbudsjettet) er viktig for å unngå at det blir ein kamp om ressursar mellom verneområdeforvaltninga og den ordinære forvaltninga i regi av Statsforvaltaren. Det er ein del ekstra arbeid med fleire medarbeidarar på lokalkontor utanom kontorstaden til Statsforvaltaren, så det vil vera bra å styrke embeta slik at seksjonsleiar kan



vera ein fagleg ressurs og eit bindeledd mellom Statsforvaltar og verneområdeforvaltninga. Forvaltarane treng juridisk bistand i saksbehandlinga, det er viktig at slik bistand blir styrka, enten via fagmiljøet hjå Statsforvaltar eller i Miljødirektoratet. Med alternativ 2 kan det bli meir ressurskrevjande å organisere samlingar for forvaltarane, med lenger reiseveg for den einaskilde (t.d. frå Agder til Vestland). Uansett alternativ er det viktig at det blir tilført tilstrekkeleg med ressursar til gjennomføring av fagdagar/fysiske møtedagar med fagleg opplegg for forvaltarane i embeta som har personalansvar.

2. Klargjøring av roller internt blant aktørane knytt til fagleg oppfølging av forvaltarane

Ved innføring av lokal forvaltning vart arbeidsgjevaransvaret lagt til statsforvaltaren for å ivareta fellestenester, men også for å sikre eit fagmiljø for forvaltarane. I hovudinstruksen til statsforvaltarane i dag står det kun at statsforvaltaren er personal- og økonomiansvarleg for verneområdeforvaltarar, og det kan verke som at intensjonen bak den faglege delen av arbeidsgjevaransvaret ikkje har vore tydeleg og fylgd opp i den praktiske gjennomføringa. I tilrådinga frå direktoratet står at *«Vi mener at et sentralt forbedringspunkt i alternativ 1 må være at statsforvalternes rolle som faglig rådgiver for forvalterne må tydeliggjøres i sentrale styringsdokumenter for statsforvalteren, slik som i Hovedinstruks for statsforvalteren. Det må samtidig tydeliggjøres hva statsforvalteren kan gi faglige råd til uten at dette innvirker på styrenes faglige instruksjonsmyndighet overfor forvalterne. Vi mener statsforvalter kan gi faglig rådgiving til forvalternes innstillinger til styrene ved behov.»*

Det er positivt å tydeleggjera rolla som fagleg rådgjevar i *Hovedinstruks for statsforvalteren*, men direkte rådgjeving til forvaltarane sine innstillingar til styret kan nok lett koma litt i konflikt med Statsforvaltaren si rolle som mogleg klageinstans på styret sine vedtak. Slik rådgjeving til innstillingar til vedtak bør berre skje dersom forvaltar sjølv ber om det, og det må ikkje bli slik at leiaren med fag- og personalansvar hos Statsforvaltaren får ei slags godkjennarrolle på forvaltar sine innstillingar. Dette er viktig for å tydeleggjera rolla til styret som eige organ.

3. Klarere skilje mellom arbeidsgjevar og styret i dokumentforvaltning

Tilråding: *«For å synliggjøre at forvalternes/styrenes virksomhet er separat og ikke en del av statsforvalteren, anbefaler vi at forvaltere har e-postadresser som skiller seg fra statsforvalteren, samt egne arkivbaser som muliggjør å skille ut journalføringene og publisere separate offentlige journaler, fortrinnsvis på elnnsyn.»*

Det er svært positivt om ein kunne få e-postadresser som tydeleg kommuniserer at forvaltar opptrer på vegne av nasjonalpark-/verneområdestyret, og ikkje i regi av Statsforvaltaren.

4. Auka fleksibilitet i fordeling av forvaltarressursar mellom styre

Sekretariata er små einingar med 1-3 forvaltarar, og systemet er derfor sårbart ved permisjon, langtidsfråvær, eller skifte av forvaltar. Miljødirektoratet tilrår auka fleksibilitet i bruk av forvaltarressursar: *«Vi foreslår at statsforvalterne som arbeidsgiver får anledning til å avtale omfordeling av forvalteres tid direkte med forvalter og ikke trenger en avklaring av dette med styreleder. Det er arbeidsgiver som har samlet oversikt over sine ansatte og ser*



behov for omfordeling av ressurser. Vi mener dette bør begrenses til å gjelde bruk av forvalternes tid på tvers av styrer, ikke bruk av forvalters tid på øvrige oppgaver innenfor statsforvalterembetet.»

Dette betyr at styret i enkelte tilfelle kunne miste noko av sekretariatsressursen, men kan også få tilført ekstrahjelp frå andre styresekretariat ved behov. Tidlegare tolking var at det måtte ligge føre ei godkjenning frå styreleiar før ein forvaltar kunne bidra i arbeidet for eit anna styre, medan direktoratet si tilråding er at arbeidsgjevar nå får sterkare rett til styring. For forvaltninga samla sett vil dette truleg vera positivt, men det bør vera framleis vera ei føring om at det skal vera dialog med både forvaltar og styreleiar i forkant av slik omdisponering av ressursar, sjølv om ein går bort frå kravet om godkjenning frå styreleiar.

5. Innføring av "Forvalterskolen"

Tilråding: «Vi foreslår innføring av "Forvalterskolen", en opplæringspakke som skal samle e-læring, webinarer, skriftlig veiledning, spørsmål- og svar, m.v. på en hensiktsmessig plattform som sikrer lik informasjon til alle nye forvaltere og som kan brukes av erfarne forvaltere ved behov i sitt daglige arbeid. Hovedansvaret for å innføre tiltaket kan ligge til Miljødirektoratet ettersom dette vil være et felles opplæringsprogram på tvers av embeter, eventuelt hos en statsforvalter i samarbeid med Miljødirektoratet. Det følger av arbeidsgiveransvaret å gi opplæring slik at de ansatte kan utføre arbeidet. Statsforvalteren må uansett være sterkt deltakende i et slikt program.»

Det er viktig og nødvendig at opplæringa blir sett i system for å sikre at alle får den tilfredsstillande opplæring på alle område.

6. Forvaltarsamlingar

Tilråding: «Vi foreslår at forvaltersamlingene videreføres med fast intervall på hvert andre år. Miljødirektoratet skal ha ansvar for å gjennomføre forvaltersamlingene i samarbeid med statsforvalterne. Vi foreslår at annenhver samling gjennomføres som nasjonale og regionale samlinger. SNO sentralt deltar på de nasjonale samlingene, og SNO-lokalt med fagansvar for de store verneområdene deltar på de regionale samlingene.»

Faste møtepunkt og samlingar er viktig for erfaringsutveksling og fagleg utvikling for alle.

7. Formalisere samarbeidet med besøkssenter

Det er ikkje alle besøkssenter som har lokalisering og fasilitetar at dei oppfyller krava til funksjonelt fagmiljø. Fleire har peika på at sentra burde hatt ei tydelegare rolle knytt til informasjon og naturrettleiing om verneverdiane. Etter oppdrag frå KLD leverte Miljødirektoratet 26. januar 2026 eit forslag til ny besøkssenterstrategi for 2026-2036. I forslaget til ny besøkssenterstrategi foreslår direktoratet fleire endringar for å oppnå målsettingane med senterordninga. Fleire av måla er også relevante når det gjeld samarbeid mellom besøkssentra og forvaltarar og styre. I utgreiinga står m.a. at «*Selv om ikke alle besøkssentre kan være tilknyttet et forvaltningsknutepunkt er det likevel et behov for en*



større grad av formalisering av samarbeidet mellom sentrene og verneområdeforvaltningen, uavhengig av samlokalisering eller ikke. Derfor er dette også løftet frem i forslaget til kriteriesettet for etablering og reutorisering av sentrene. Miljødirektoratet foreslår i strategien å få på plass samarbeidsavtaler som besøksentrene og den lokale forvaltningen forplikter seg til å følge for autorisasjoner fra 2028 og fremover.»

Det er viktig å arbeide vidare for å betre samarbeidet og å sjå nærare på besøksentra si rolle i informasjonsarbeidet.

8. Gjennomgang av forvaltningsknutepunkta for betre fungerande knutepunkt

Tilråding: «Vi anbefaler at det gjøres en kartlegging av forvaltningsknutepunktene for å se om de kan samles i større grad slik at alle forvaltere får kontorplass ved et reelt knutepunkt, der det også er samlokalisering med SNO. Selv om kontorstedet skal være desentralisert, og i nærheten av verneområdene vil det til en viss grad være sammenheng mellom arbeidsgivertilhørighet og kontorsted. Derfor foreslår vi at en nærmere kartlegging av fremtidige knutepunkt og eventuelle forslag til relokaliseringer avventer til ny organisering av verneområdeforvalterne er bestemt.

Vi foreslår at en nærmere kartlegging av de enkelte knutepunkter og vurdering av videre sammensetning på og lokalisering av disse gjøres i et tilleggsoppdrag.»

Forvaltarane i Jostedalsbreen nasjonalpark er begge knytt til velfungerande forvaltningsknutepunkt saman med andre forvaltarar. Det bør vera minst ein forvaltarkollega for kunne gje kollegahjelp og avlastning ved behov. Forvaltarane har svært mange ulike oppgåver, og sjølv med betre opplæring har ein stor nytte av å kunne rådføre seg med ein kollega når ein skal ta fatt på oppdrag der ein har mindre erfaring enn kollegaen.

9. Legge til rette for at SNO får tilgang til forvaltningsknutepunkta

Tilråding: «Vi anbefaler at muligheten for å samlokalisere kontorsted med SNO ressurser bør være en del av vurderingen i fastsettelse av, og mulig relokalisering, av knutepunkter/kontorsteder for forvaltere, slik at det legges til rette for at knutepunktet også kan være et hensiktsmessig sted for SNO å jobbe fra når de ikke er i felt.»

Det er ein styrke for forvaltningsknutepunkta med SNO i kontorløysingane. Det er særleg viktig ved skifte av personell, då det elles kan ta tid før ein får etablert gode rutinar for kunnskapsutveksling og god samhandling mellom forvaltning og oppsyn. Med auka vekt på verdiskaping og å ønskje folk velkommen inn i nasjonalparkane er det nødvendig å ha eit godt system for å ivareta verneverdiane også med aukande besøkstrykk. Tilstrekkelege ressursar for oppsyn og rettleiing er viktig i ei aktiv besøksforvaltning. Når ein inviterer fleire inn, må også mottaksapparatet styrkast. Det er derfor svært bekymringsfullt at enkelte verneområde opplever manglande SNO-ressursar som eit problem.



Ein del av tilrådingane gjeld først og fremst forbetringar innan administrativ organisering og faglege forbetringar, og her vil også uttalene frå Statsforvaltarane gje utfyllande synspunkt.



Arkivsaksnr: 2026/6075-2

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 29.04.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyret	14/26	12.05.2026

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret - Bødalen - 2026 - jordprøvetaking - NIBIO

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får NIBIO løyve til å ta ut jordprøvar ved Bødalssætra i Jostedalsbreen nasjonalpark i samband med nasjonalt prosjekt for overvaking av jordkarbon i skog og beitemark. Løyve gjeld fram til 01.oktober 2026.

Det er knytt følgjande vilkår til løyvet:

1. Løyvet gjeld berre personell som utfører feltarbeid for NIBIO
2. Det kan takast ut inntil 8 jordprøvar.
3. Prøvetaking må skje på ein mest mogleg skånsam måte.
4. Prøvelokaliteten skal dokumenterast med bilete som viser lokaliteten før og etter prøvetaking og GPS koordinatar. Denne informasjonen skal sendast til Jostedalsbreen nasjonalparkstyret - jostedalsbreen@statsforvalteren.no så snart feltarbeidet er gjennomført.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad om tillatelse til jordprøvetaking i Jostedalsbreen np. - NIBIO, datert 25.03.2026
- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark, FOR – 2018-05-02-22-750
- Lov om forvaltning av naturens mangfold (Naturmangfoldloven) av 19.06.2009
- Skjøtsel

Bakgrunn


Norsk skog og beitemark har store karbonlager i jord, men det er avgrensa med kunnskap om kor store desse karbonlagera er og korleis dei utviklar seg. I 2023 starta Regjeringa gjennom NIBIO opp eit langsiktig program som skal gje verdfull kunnskap om kor mykje



karbon som er lagra i jorda og endringar i desse karbonlagera. Kvart år skal feltarbeidarar frå den nasjonale jordkarbonovervakinga besøke eit utval av prøveflater og samle inn jordprøvar. Jordprøvane vil bli tekne med 10 års intervall. Hensikta er å gje betre kunnskap både for forvaltning av desse areala og for rapportering av utslepp og opptak i det nasjonale klimarekneskapet under FN sin klimakonvensjon.

NIBIO skal i løpet av sommaren 2026 ta jordprøvar fordelt på ei rekkje prøveflater rundt om i landet. Ei av desse prøveflatene ligg like aust for Bødalssetra i Jostedalsbreen nasjonalpark.

NIBIO søker difor om dispensasjon frå verneforskrifta for å kunne ta 8 jordprøvar i nasjonalparken i løpet av sommaren 2026. Prøvepunktta skal besøkast til fots. Jordprøvane vert samla inn med jordbor, med ein diameter på 6,7 cm for det organiske laget, og eit smalare med 2,6 cm diameter for mineraljordlag. Djupna på jordprøvane vil vere det organiske jordlaget pluss inntil 35 cm ned i mineraljordlaget.



Figur 1 Kartutsnitt henta frå søknaden. Prøveflata er markert med ein grøn prikk.

Lovgrunnlag:

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er, jmfør forskrifta datert den 25. oktober 1991:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging



- å verne om kulturminne og kulturlandskap

«Landskapet er verna mot alle inngrep, mellom anna.....graving og påfylling av masse, sprenging og boring....o.l.», jamfør kap. IV, § 1.1. i verneforskrifta.

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå vernevedtak dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, jamfør naturmangfaldlova § 48, fyrste alternativ.

I tråd med naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Vegetasjonen i området er godt kartlagt med NiN-kartlegging og utarbeidd skjøtelsesplan for området. Naturtypen på prøvestaden er ein variasjon av ulike bærlyngtypar, lågurtskog og fjellhei. Det er ikkje registrert sårbare raudlista artar i nærleiken av prøveflata.

Kunnskapsgrunnlaget om mogelege konsekvensar av innsamling av jordprøvar på staden vert vurdert som godt (jf. naturmangfaldlova § 8). Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert til å vere tilstrekkeleg i denne saka slik at det ikkje er naudsynt å vurdere saka etter nml § 9 «Førevær-prinsippet».

Uttak av jordprøvar vert vurdert til å vere eit lite inngrep. Det er elles lite inngrep i området og samla belastninga på økosystemet i området vert vurdert som ubetydeleg (jf. naturmangfaldlova sin § 10). Prinsippet om kostnad ved miljøforingelse vert vurdert som ikkje relevant i denne saka (nml § 11). Å ta ut jordprøvar etter standardiserte metodar er viktig for å få kunnskap om karbonlagring i skog og beiteområde. Metodikken vert vurdert å vere forsvarleg for miljøet. (jf. naturmangfaldlova sin § 12).

Uttak av 8 jordprøvar på ei prøveflate i Bødalen er eit lite inngrep som ikkje vil vere i strid med føreføremålet for vernevedtaket og kan ikkje påverke verneverdiane nemneverdig.

Sakshandsamar vurderer at vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylt i denne saka.



Arkivsaksnr: 2021/6243-9

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 28.04.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	15/26	12.05.2026

Jostedalsbreen nasjonalpark - Arealrepresentativ Naturovervåking (ANO) - Forlenging av periode for merking av analyseruter - NINA

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) forlenga periode for fastmerking av ANO-lokalitet 883 Flatefjellet, som inngår i overvåkingsprogrammet Arealrepresentativ Naturovervåking (ANO). Fristen, gitt i utvalssak 19/21, for fjerning av fastmerka på ANO-lokalitet 88 Flatefjellet innan 1. november 2026, vert oppheva. Løyve vert gjeve med heimel i verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark og naturmangfaldlova §48 fyrste ledd og fyrste alternativ, og gjeld med følgjande vilkår:

1. Alle fastmerke som er sett ut i Jostedalsbreen nasjonalpark i samband med overvåkingsprogrammet Arealrepresentativ Naturovervåking (ANO) skal fjernast så snart overvåkingsprogrammet vert avslutta
2. Dersom det vert aktuelt å ta ut plantemateriale eller anna fysisk prøvemateriale frå nasjonalparken må dette søkjast om særskilt
3. Etter kvart besøk ved ein av prøvelokalitetane skal det sendast ein kortfatta rapport til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
4. All ferdsel i samband med registreringane skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne

Vi gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld i høve til naturmangfaldlova og verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente eventuelle løyve etter anna lovverk frå kommune og grunneigarar.



Dokument i saka:

- Søknad frå NINA, datert 23. april 2026
- Utvalssak 19/21 – Søknad om dispensasjon frå verneforskrifta for merking av analyseruter og uttak av plantemateriale i samband med overvåkingsprogrammet Arealrepresentativ overvåking på Flatefjellet
- Utvalssak 13/23 – Merking av analyseruter og uttak av små mengder plantemateriale – Arealrepresentativ naturovervåking ANO
- Rapport frå overvåkingsprogrammet ANO i perioden 2020-2025, NINA 21.04.2026
- Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova

Saksopplysningar

Norsk institutt for naturforskning (NINA) skal i perioden 2026-2030, på oppdrag frå Miljødirektoratet, utføre vegetasjonskartlegging i samband med prosjektet «Areal representativ naturovervåking» (ANO). NINA har i perioden 2020-2025 hatt ansvar for prosjektet, som ikkje vart avslutta i 2025, men finansiert for 5 nye år.

NINA fekk i 2021 dispensasjon til merking av analyseruter og uttak av plantemateriale på Flatefjellet, ANO-lokalitet nr. 883. I dispensasjonen vart det sett som eit av vilkåra at *Fastmerka skal fjernast når dei ikkje lenger er i aktiv bruk, seinast 1. november 2026.*


NINA søkte i 2023 om og fekk løyve til merking av analyseruter og uttak av små mengder plantemateriale på ANO-lokalitet 1111 ved Tverrelvbottsvatnet i Jostedalsbreen nasjonalpark. I vilkåra for løyvet heiter det m.a. at «*Løyvet gjeld fram til prosjektet er avslutta. Metallrøyra (fastmerka) skal fjernast så snart prosjektet er avslutta.*» I dette tilfellet vart det såleis ikkje sett nokon datofesta frist for fjerning av fastmerke, men at fastmerka skal fjernast når overvåkingsprogrammet ANO er avslutta.

NINA v/Lise Tingstad søker om forlenging av periode for fastmerking av ANO-lokalitet Flatefjellet i Jostedalsbreen nasjonalpark, i perioden 2026-2030 eller til overvåkingsprogrammet vert avslutta. NINA skal re-kartlegge ANO-lokalitet 883 i 2026 og ANO-lokalitet 1111 i 2028. Det er ikkje planlagt å ta ut plantemateriale i perioden 2026-2030.

Miljødirektoratet sin intensjon er at ANO skal vere eit langsiktig overvåkingsprogram. Overvåkingsprogrammet er førebels finansiert til 2030. Det er eit ynskje frå NINA at fastmerke på alle lokalitetar kan stå til overvåkingsprogrammet vert avslutta. At fastmerka vert ståande er avgjerande for at ein skal kunne drive overvåking av vegetasjon på liten skala, då ein er heilt avhengig av å finne att eksakte lokalitetar.



Figur 1 – Oversiktskart med markering av midtpunkt for ANO-lokalitet nr 883, på Flatefjellet



Figur 2 – Oversiktskart med markering av midtpunkt for ANO-lokalitet nr 1111, nær Bjørga



Lovgrunnlag

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er, jamfør forskrifta datert den 25. oktober 1991:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

I nasjonalparken er landskapet verna mot alle inngrep (verneforskrifta si § IV, punkt 1.1), ...*mellom anna oppsetjing av bygningar, gjerde og anlegg, (...) sprenging og boring (...) og liknande. Opplistinga er ikkje uttømmande.*

I denne saka, der det dreier seg om små metallrøyr som skal setjast fast i jordlaget. Dette er etter sakshandsamar si vurdering eit lite inngrep som fell inn under «*og liknande*»- i definisjonen. Det står ikkje noko særskilt i forvaltningsplanen om denne typen innretningar.

Forvaltningsmyndigheita – her Nasjonalparkstyret - kan gjere unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strir mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, jamfør Naturmangfaldslova § 48, 1.ledd.

I tråd med naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Ei utviding av perioden fastmerka på ANO-lokalitet nr. 883 Flatefjellet får stå til ANO-prosjektet vert avslutta strir ikkje mot vernevedtaket og vil heller ikkje kunne påverke verneverdiane negativt.

At det vert gjort feltregistreringar av vegetasjonen i nasjonalparken er generelt positivt for kunnskapsnivået. Det er ønskjeleg å auke kunnskapen om artssamansetjing, vegetasjonstypar i nasjonalparken.

Feltregistreringane i ANO inkluderer artssamansetjing, vegetasjonsdekning og vegetasjonsstruktur, samt kartlegging av naturtypar etter NiN sin kartleggingsinstruks i målestokk 1:5000. Resultata frå detaljkartlegginga vil auke kunnskapen om området og vil inngå i framtidig kunnskapsgrunnlag for forvaltning av nasjonalparken. Betre kunnskap om kva artar og naturtypar som er knytt til ulike miljø og endringar i dette, kan vere viktig for forvaltninga av nasjonalparken.

Kunnskapsgrunnlaget om konsekvensane av markering av prøveflater med små aluminiumsrøyr vert vurdert som godt (jf. naturmangfaldlova § 8). Kunnskapsgrunnlaget vurderast å vere tilstrekkeleg i denne saka slik at det ikkje er naudsynt å ta i bruk nml § 9, «Føre-var-prinsippet». Den samla belastninga på flora og fauna i området blir vurdert å vere



svært liten (jf. naturmangfaldlova § 10). Enkle feltundersøkingar utan å ta ut plantemateriale er den mest miljøforsvarlege metode for å samle inn nødvendige data (jf. naturmangfaldlova § 12). All ferdsel i samband med kartlegginga vil skje i tråd med friluftsløva sine reglar om ferdsel og god ferdselskultur. Dersom det skulle bli aktuelt med motorferdsel i samband med undersøkingane så skal det søkjast eige løyve til dette (jf. nml § 12). Prinsippet om kostnad ved miljøforringelse vurderast som ikkje relevant i denne saka (nml § 11).

Resultata frå undersøkingane skal gjerast tilgjengeleg på dei offentlege innsynsløysingane hjå Miljødirektoratet, samt sendast Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.

Med vilkåra over meiner vi at merkinga av prøveflater for å kunne gjennomføre feltregistreringar kvart femte år, ikkje vil påverke naturkvalitetane nemneverdig. Nasjonalparkforvaltaren vurderer at merking av prøvelokalitetar med metallrøyr så lenge overvåkingsprogrammet pågår ikkje er i strid med verneføremålet, og vilkåret i fyrste avsnitt i naturmangfaldlova § 48 er difor oppfylt.

Når overvåkingsprogrammet vert avslutta må alle merkepinnar fjernast frå nasjonalparken.

Dersom det vert behov for motorferdsel for å utføre feltregistreringar må det i god tid søkjast om eige løyve til dette.



Arkivsaksnr: 2026/7825-2

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 06.05.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	16/26	12.05.2026

Jostedalsbreen nasjonalpark - Bøyabreen - Motorferdsel med helikopter - Falkeblikk AS

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev , med heimel i naturmangfaldlova § 48, 1.ledd Falkeblikk AS dispensasjon frå forbodet mot motorferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark i samband med produksjon av panoramafilm til bruk på Brævasshytta. Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

1. Løyve til lågtflyging med helikopter gjeld for ein dag
2. Flyginga skal skje på ein dag i perioden 20.juni - 31.august 2026
3. Flyginga bør skje mest mogeleg konsentrert i tid og unngå helgedagar og store utfartsdagar grunna omsynet til friluftslivet
4. Løyvet gjeld inntil 5 turar frå Brævasshytta, opp Bøyabreen og opp på breplatået tur/retur
5. Helikopteret skal ikkje vere synleg på den ferdige filmen
6. Flyginga med helikopter skal avgrensast til det som er strengt naudsynt og ta omsyn til andre brukarar og naturmiljø
7. Statens naturoppsyn v/Anne Rudsengen (tlf. 959 63 888) eller underteikna skal ha melding seinast dagen før flyginga skal gjennomførast
8. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 15.september 2026 med rapport om gjennomført flyging

Løyvet gjeld berre i høve verneforskrifta til Jostedalsbreen nasjonalpark. I saker som gjeld motorferdsle må alltid naudsynte løyve frå grunneigarar og kommune innhentast før flyging kan skje.



Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad frå Falkeblikk AS, datert 24.04.2026
- Tilleggsopplysningar til søknad, datert 29.04.2026

Søknaden skal handsamast etter

- Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark av 25.oktober 1991
- Naturmangfaldlova av 19.juni 2009
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark av 1994, oppdatert utgåve mars 2002
- Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark 2021-2027

Søknaden


Falkeblikk AS søker om løyve til lågtflyging med helikopter ved Bøyabreen i Jostedalsbreen nasjonalpark i samband med filming av ein panoramafilm til bruk på Brævasshytta. Det vert søkt om inntil 5 turar frå Brævasshytta opp Bøyabreen til breplataet, men det vil vonleg vere nok med 1 til 2 flygingar. All flyging vil skje i løpet av ein dag sommaren 2026, mest sannsynleg i slutten av juni eller i løpet av juli, men om været ikkje vert bra kan det vere greitt å ha mogelegheit for å kunne utsetje flyginga til august.

Brævasshytta ynskjer å vidareutvikle tilbodet for dei besøkande med ei ny opplevingsattraksjon der dei besøkande kan få ein følelse av å fly med ein varmluftsballong frå Brævasshytta, opp Bøyabreen og inn på breplataet.

Det skal filmast med 360-graders panoramakamera, slik at publikum kan sjå seg om i alle retningar, også nedover. I fyrste omgang vil opplevinga verte presentert til dei besøkande ved hjelp av VR-briller, men det vil bli vurdert om det er mogelegheit for å lage ein liten kino.

Falkeblikk Media skal gjennomføre filminga og produksjonen. Falkeblikk har mellom anna laga panoramafilmen for Norsk Bremuseum i Fjærland, og har god erfaring med slike produksjonar. For å filme ei oppleving som simulerer ei flyging med varmluftsballong, tenkjer dei å fly med eit panoramakamera frå utanfor Brævasshytta, opp Bøyabreen og litt inn på breplataet. Der skal det filmast for å simulere at varmluftsballongen «landar» på breplataet, dette skal gjerast ved at kamera vert seinka ned mot breen, helikopteret treng ikkje lande på breen.

I utgangspunktet tenkte dei å gjere filminga med ei stor drone, men på grunn av den store høgdeskilnaden, og at det ikkje er sikteline for droneflyging innover breplataet, er det konkludert med at dette må gjerast med helikopter.



Figur 1 Oversiktskart som viser tenkt linje for filming frå Brævasshytta til breplataet

Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark 2021-2027

Besøksstrategien vart utarbeidd mellom anna for å vise tiltak som er naudsynt for å:

- Ta vare på verneverdiane i nasjonalparken og natur- og kulturverdiane i randsona til parken
- Gje dei besøkande ei god oppleving
- Leggje til rette for verdiskaping i lokalsamfunna rundt nasjonalparken



I besøksstrategien er det lista opp 45 innfallsportar rundt nasjonalparken. Det er tre ulike typar innfallsportar som Miljødirektoratet i sin rettleiar skildrar slik:

Informasjonspunkt

Heilskapleg utandørs informasjon om verneområda til dei besøkande. Er aktuelt i tilknytning til alle nasjonalparker, og det er naturleg å lokalisere saman med stoppestader for andre aktørar, til dømes ved rasteplassar, utsiktspunkt, bom osv. Informasjonspunkta skal vere tilpassa alle brukargrupper, med informasjonstavler og skilt avklart i ein informasjonsplan.

Startpunkt

Startpunkt er mest aktuelt for nasjonalparker med eit etablert stinett. Desse er meint for besøkande som skal ut på vandring i verneområda, og skal ligge ved naturlege startpunkt for turen, ofte langt frå hovudvegnettet. Startpunkta skal vere avklart i forvaltningsplanen og tilknytt etablerte stiar som er identifiserte som prioriterte. Dei skal bestå av parkering og informasjon retta mot turgåaren.

Utkikkspunkt

Aktuelt ved nasjonalparker med høge besøkstal, stor attraksjonskraft og det er naudsynt at områda har høg tolegrense. Det er store krav til tomt. Utkikkspunkt skal vere ein attraksjon og eit besøksmål i seg sjølv. Punktet må vere eit eigna utgangspunkt for nærturar og opphald ved punktet. Nærleik til ein hovudveg er ein føresetnad, med god visuell kontakt med verneområdet. Eit utkikkspunkt bør innehalde parkering for minst 70 bilar, ein 30 minuttars nærområdetur på gangsti og eit utkikkspunkt. Det skal vere mogleg å drive naturveggleiing med utgangspunkt i anlegget og alt av sanitæranlegg må vere på plass.

Bøyabreen er peika ut som eit av tre utkikkspunkt rundt nasjonalparken. Det er ein av innfallsportane som har stort potensiale for auka besøk utan at det går ut over verneverdiane i nasjonalparken. Innfallsporten ved Bøyabreen ligg tett ved ei av hovudfartsåranane gjennom området.

Dei siste åra er det skjedd store utbetringar ved utsiktspunktet ved Bøyabreen. Nasjonalparkstyret har laga ein ny sti med to små bruer, plassert ut benkar og nye informasjonsskilt. Ny eigar ved Brævasshytta har planlagt ei storstilt utbetring av fasilitetane ved Brævasshytta, som dei er i ferd med å realisere. Det er også planlagt nytt servicebygg med toalett for dei tilreisande.

Verneverdiar

Verneverdiane i nasjonalparken er i stor grad knytt til landskap, geologi, planteliv, dyreliv og kulturminne. Lågtflyging og landing med helikopter kan påverke fauna i sårbare livsfasar, til dømes hekketida og kalvingstida.



Heimelsgrunnlag

Verneforskrifta

Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark av 25.10.1991 har eit generelt forbod for motorferdsel i nasjonalparken, inkludert landing med luftfartøy og lågtflyging mindre enn 300 meter over bakken (verneforskrifta pkt. IV, 4.1). Det er ikkje spesifisert unntaksregel for motorisert ferdsel i samband med denne type aktivitet, og søknad om dispensasjon må difor handsamast etter den generelle dispensasjonsheimelen i punkt VI, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova (NML) § 48.

Forvaltningsmyndigheita – her nasjonalparkstyret - kan gjere unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strir mot vernevedtakets føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, jamfør Naturmangfaldlova § 48, 1.ledd.

Dersom desse to vilkåra er oppfylte er det opp til forvaltningsmyndet sitt skjønn, innanfor rammene av alminneleg forvaltningsrettslege reglar og retningslinjer, og instruksar frå overordna mynde, å vurdere om det skal gjevast dispensasjon. Forvaltningsmyndet bør særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon, til dømes om det kan kome liknande søknadar på same grunnlag. Dispensasjon etter nml. § 48 kan ikkje brukast til å utvide den ramma som er trekt opp i vernevedtaket, men skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet.

Verneforskrifta pkt IV, 4.3, 5. avsnitt skal leggjast til grunn for løyve etter verneforskrifta pkt. IV, 4.3, men det er òg naturleg at avsnittet er retningsgjevande for eventuelle løyve etter nml. § 48: «*Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast opp mot moglege skadar og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal og vurderast.*»

Dispensasjonsregelen i §48 set svært strenge krav for når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikkje påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkåra må vere oppfylt. Dispensasjonen må heller ikkje gjevast om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna mynde spelar også inn.



Motorferdsle er forbode i verneområdet, men i nokre høve er det naudsynt for å gjennomføre einskilde tiltak. Motorferdsel kan påverke både naturmiljøet og folk som er på tur. Likevel er påverknaden av helikopter avgrensa i tid og rom, og påverkar ikkje landskapet sin naturlege tilstand slik det er formulert i verneføremålet.

Tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging er ein del av verneføremålet i Jostedalsbreen nasjonalpark. For utøvarar av tradisjonelt friluftsliv er fråvær av støy ein viktig kvalitet i nasjonalparken. Dette ligg til grunn for reglane som gjeld for motorisert ferdsel. Samstundes føreset den tilsikta bruken og opplevinga av områda i ein del tilfelle at det vert gjeve høve til motorisert transport, t.d. i samband med vøling av bygningar og til proviantering til stølshus og hytter som er viktige for friluftslivet. Såleis er det føresett ei kritisk vurdering av kva som skal reknast som naudsynt motorferdsel, slik at den ønskete bruken av området kan halde fram, samstundes som omfanget av motorferdsel vert halde på eit lågt nivå.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Forvaltningsplan

Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark (1994) er rettleiande for forvaltninga sitt arbeid. *Kap. 7.3.9 Motorferdsel pkt. h)* gjev følgjande føringar for motorferdsel i samband med mediaoppdrag:

Transportbehov for mediaoppdrag skal handsamast etter den spesielle unntaksparagrafen i verneforskrifta (pkt. VI) og vil bli vurdert konkret. I utgangspunktet vil berre ikkjekommersielle tiltak som utgjer særlege tilfelle og med innhald i tråd med føremålet med vern, som t.d. opplysningsfilmar om verneområdet få løyve. Reklamefilmar, spelefilmar o.l. bør leggjast andre stader utanfor nasjonalparken.

Forvaltningsplanen er i utgangspunktet streng når det gjeld transport i samband med mediaoppdrag, men er mindre streng når det gjeld ikkjekommersielle tiltak med innhald i tråd med føremålet med vernet, t.d. opplysningsfilmar om verneområdet.

Presedens

Det er viktig å merke seg at dispensasjonsregelen i nml § 48 ikkje kan brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, så det er svært viktig å vurdere presedensverknaden nøye. Prinsippet om likebehandling gjer at det kan bli vanskeleg å sortere mellom dei mange aktørane som ønskjer å filme innan nasjonalparken. Kommersielle produksjonar som krev bruk av motoriserte hjelpemiddel vert fortrinnsvis lagt utanfor verneområdet.



Enkelte gonger kan det vere vanskeleg å finne ein lokalitet som gjev det rette uttrykket eller det kan vere særlege tilhøve som gjer det vesentleg å nytte spesielle lokalitetar innanfor vernegrensa.

Det viktig å unngå at det på sikt blir så mange unntak at det utholar forbodet som er tydeleg uttrykt i verneforskrifta for nasjonalparken.

I vurderingane må det leggjast vekt på om dei aktuelle områda toler den potensielle marknadsføringa som filmen kan bidra til, og om filminga i seg sjølv vil gå vesentleg ut over verneverdiane. Vi må også sjå på om det planlagde innhaldet i filmen formidlar området på en måte som er i tråd med bruken av verneområdet. Filmene kan altså ikkje vise motoriserte aktivitetar, men avgrensast til aktivitetar som kan skje innan rammene for vernet.

Vurdering

For at ein skal kunne gje løyve etter naturmangfaldlova § 48, 1. ledd, må tiltaket ikkje stride mot verneføremålet og ikkje påverke verneverdiane nemneverdig.

Det vert vurdert at omsøkt tiltak ikkje er i strid med verneføremålet eller verneverdiane og at den generelle dispensasjonsbestemmelsen etter § 48 i naturmangfaldslova kan brukast.

Søknaden gjeld eit prosjekt som tek sikte på å kunne gje dei besøkande på Brævasshytta ei ny oppleving av breen.

Området ved Bøyabreen er årleg besøkt av om lag 80-100 tusen turistar. Området er tilrettelagt for å kunne ta i mot mange tilreisande. Dei fleste som besøker Bøyadalen nyttar området frå riksvegen og inn mot Brevatnet. Ein liten del av dei besøkande utøver tradisjonelt friluftsliv i form av turgåing på enklare stiar og i terrenget. Helikopterflyging i Bøyadalen ein dag i løpet av sommaren vil venteleg forstyrre få utøvarar av tradisjonelt friluftsliv, men dei tilreisande turistane ved innfallsporten vil verte påverka av helikopterstøy i kortare periodar.

Bøyadalen har sidan lenge før nasjonalparken vart skipa vore eit viktig besøksmål for tilreisande. I besøksstrategien for Jostedalsbreen nasjonalpark er Bøyabreen peika på som ein av innfallsportane der naturen og verneverdiane toler auka aktivitet og besøk. Tilrettelegging for og kanalisering av fleire turistar til innfallsporten ved Bøyabreen vil kunne redusere uheldig slitasje andre stader rundt nasjonalparken.

Rovfugl og villrein er særleg utsett under som hekking og kalving. I følgje Naturbase (05.05.2026) er området ved Bøyabreen er ikkje eit viktig område for villrein. Her er heller ikkje kjente hekkelokalitetar for rovfugl eller andre raudlista fugleartar som vil verte uroa i hekketida. Kunnskapsgrunnlaget jamfør naturmangfaldslova § 8 vurderast til å vere tilstrekkeleg.



Filmen som skal lagast skal brukast for å gje dei tilreisande til Bøyadalen og Brævasshytta ei oppleving av naturen i nasjonalparken. Filmen vil kunne trekkje fleire besøkande til Bøyabreen, og med det auke den lokale verdiskapinga knytt til nasjonalparken utan at dette går ut over verneverdiane i nasjonalparken. Dermed vil filmen kunne vere med å innfri nokre av målsetjingane i besøksstrategien, ved å styrkje Bøyabreen som ein viktig og godt tilrettelagt innfallsport.

Påverknaden på verneverdiane ved å flyge opp og ned Bøyabreen med helikopter 1 til 5 gonger i løpet av ein dag er minimale, isolert sett. Men ei samla belastning skal vurderast ut i frå om løyve denne gongen kan skape presedens, og på den måten bidra til ei gradvis utholing av verneforskrifta gjennom dispensasjonspraksisen i verneområdet.

Det kjem nærast kvart år spørsmål om å bruke helikopter til spektakulære foto- og filmopptak til bruk i film/Tv-produksjon og kommunikasjons- og PR-prosjekt. Difor meiner nasjonalparkforvaltar at flyging som skal marknadsføre produkt der naturen og verneområdet er kulisse, skal filmast utanfor verneområdet. Denne søknaden gjeld filming der Bøyabreen er meint å vere meir enn ei kulisse. Målet med filmen er å lage eit opplevingsprodukt der dei besøkande får ei oppleving av å flyge med varmluftsballong opp Bøyabreen. Breen og nasjonalparken er då ikkje ei kulisse, men eit hovudprodukt som kan opplevast av mange utan negative konsekvensar for verneverdiane i nasjonalparken. Om det skal lagast ein film som skal gje sjåarane ei oppleving av å flyge opp Bøyabreen i luftballong så er det vanskeleg å sjå føre seg at denne kan filmast andre stader enn ved Bøyabreen.

Føre-var-prinsippet (§ 9) tilseier at det vert ført ein streng praksis når det gjeld motorferdsel i verneområdet. Bruk av helikopter til filming vil medføre noko støy ein kort periode, men blir ikkje vurdert å gje nokon innverknad på naturmangfaldet. Sidan filminga denne gongen er spesifikt knytt ein stad ved nasjonalparken, Bøyabreen og Brævasshytta, og er med å innfri viktige målsetjingar i Besøksstrategien for Jostedalsbreen nasjonalpark vurderer forvaltar det som lite sannsynleg at eit løyve til filming vil skape uheldig presedens (§ 9), og det vil heller ikkje føre til ein større samla belastning på økosystemet (jf. naturmangfaldslova § 10). Nasjonalparkforvaltaren vurderer at naturmangfaldslova sin § 11 ikkje er relevant i denne saka.

§ 12 Miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetode: Bruk av helikopter til filminga er sett på som den mest hensiktsmessige sidan det vil vere vanskeleg å gjennomføre med drone på grunn av dei store høgdeskilnadane og manglande sikteline. Den planlagde filmproduksjon vil ikkje kunne gjennomførast utan avgrensa bruk av helikopter.



Konklusjon:

Nasjonalparkforvaltaren vurderer vilkåra i naturmangfaldlova § 48 om at tiltaket ikkje skal vere i strid med verneføremålet, og ikkje kunne påverke verneverdiane nemneverdig, til å verte oppfylte. Nasjonalparkforvaltaren konkluderer difor med at søknaden kan gjevast dispensasjon på visse vilkår.

Forvaltningsplanen føreset i utgangspunktet at alle kommersielle filminnspelningar som krev motorisert ferdsle bør leggjast utanfor verneområdet. Det er likevel fleire grunnar til at panoramafilmen til bruk på Brævasshytta bør få dispensasjon frå forbodet mot motorisert ferdsel for å kunne gjennomføre eit avgrensa tal flygingar i løpet av ein dag. Potensialet for lokal verdiskaping er stort, samstundes som aktiviteten vil ha liten innverknad på verneverdiane. Det vil verte flyging i eit avgrensa tidsrom, men ingen varige spor. Føresett att scenane som vert spelt inn ikkje viser motorisert aktivitet, kan filmen profilere nasjonalparken og naturverdiane i området på ein positiv måte. Ulempene for andre brukarinteresser vert vurdert som minimale.



Arkivsaksnr: 2025/16018-5

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 06.05.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	17/26	12.05.2026

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - orienteringssaker til styremøte 3/2026

Innstilling frå forvaltar

Styret tek sakene til vitande.

Saksopplysningar

Delegerte saker sidan sist møte

Det har vore handsama to saker delegert sidan sist møte.

Det er gjeve løyve til oppsetjing av ny grind ved Reset i Erdalen, sak 2026/6092.

Det er gjeve løyve til motorferdsel med helikopter til Sunndalssætra, sak 2026/5896. Dette løyvet gjeld for flyging av ein vedovn inn til sætra og bygningsavfall ut frå sætra.

Status skjøtselsarbeidet i 2026

Dei fleste skjøtselsavtalane er no på plass. 4 avtalar for Sunndalen, 5 avtalar for Erdalen, 2 avtalar for Befringsdalen er signert. Det vert enno arbeidd med å få på plass avtalar om styrt beiting med geit i Erdalen og ved Tungestølen og ein avtale om rydding på Bødalssætra. Desse vonar vi å få på plass i løpet av mai månad.

Det er kjøpt inn ei ryddesag til i området rundt Vetledalseter. Dette innkjøpet vil gjere ryddearbeidet meir effektivt langs stiane og dei mange naturbeitemarkene ved Reset, Vetledalseter og Seltuftene.

Forvaltarane og SNO skal til Sunndalen og Erdalen på skjøtselsdugnad 16. og 17. juni. Det skal då etablerast bevaringsmål for dei ulike områda der det vert utført skjøtsel.



Presentasjon for utval for næring og miljø i Sunnfjord kommune 22.04.2026

Sunnfjord kommune hadde invitert nasjonalparkforvaltarane til Førde for å presentere den nye skjøtselsplanen for Befringsdalen for utval for næring og miljø i Sunnfjord kommune. Forvaltarane fekk 15 minutt til presentasjonen. Vi fortalde fyrst om Jostedalsbreen nasjonalpark og nasjonalparkstyret før vi raskt orienterte om skjøtselsarbeidet og den nye skjøtselsplanen for Befringsdalen.

Planlegging av neste styremøte 8.-9.juni i Oldedalen og Oppstryn

Neste møte i nasjonalparkstyret er planlagt i Oldedalen og Oppstryn 8.-9.juni. Det er bestilt overnatting på Hjelle hotell, men opplegget elles er ganske ope, og vi ynskjer styret sine innspel til programmet.

I utgangspunktet har vi tenkt at møtet startar i Oldedalen, med synfaring i Brenndalen og/eller synfaring i Briksdalen. Enten tek vi styremøtet i Oldedalen, på Aabrekk gard, før synfaringa eller vi tek det på Hjelle hotell seinare på dagen, før middag. Det er trong for litt tid til styremøtet då vi satsar på å få lagt fram eit par saker som gjerne krev litt tid til drøftingar i styret:

- Delegering av vedtaksmynde til forvaltarane – forslag til endringar
- Evaluering av rådgjevande utval – forslag til endringar

Neste dag føreslår vi synfaring til Sunndalen og Sunndalsætra. Det er og råd å leggje inn eit stopp på Jostedalsbreen nasjonalparksenter på Fosnes.

ST 18/26 Eventuelt